

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 8. september 2021
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Kommunedirektør og samfunnsutviklar er invitert i sak 21

SAKLISTE:

19/21 Godkjenning av protokoll frå møte 16.06.21

20/21 Referat- og orienteringssaker 08.09.21

21/21 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef for samfunnsutvikling

22/21 Rogaland Revisjon IKS om revisor si rolle og ansvarsområde

23/21 Revisor si egenerklæring for 2021

24/21 Orientering om revisjonsplan for rekneskapsåret 2021

25/21 Budsjettframlegg 2022 - kontrollarbeidet i kommunen

Ymse

Ølen/Aksdal, 01.09.21

Kristian H. Risset (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	08.09.21	19/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 16.06.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 16.06.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 16.06.21

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 16.06.21 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 01.09.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **16. juni 2021** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Ressel.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen og Teams
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 16.40
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Ressel (BBL), Eivind Hetland (Krf), Anne Tone Salte Andersen (H), og Knut Severin Berge (Frp) på Teams
MØTANDE VARAMEDLEMER:	3. vara Gunnstein Koch (Krf) t.o.m. sak 17
FORFALL:	Olaug Mari Øen (Sp), og 1. og 2. vara
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes – Deloitte AS, på Teams
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Yngve Folven Bergesen. Kommunalsjef personal og organisasjon Kristin Marie Dahle i sak 16, på Teams
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 14/21 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.05.21****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 05.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.21:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.21:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 05.05.21 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 15/21 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.06.21

21. Statusrapport pr. juni 2021
22. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule»
23. Referat frå samarbeidsmøte 26.05.21 med politisk leiing, administrativ leiing og leiar, nestleiar og sekretær i kontrollutvalet
24. Oversikt over kostnadene til kontroll og tilsyn pr. juni 2021
25. Representantskapsmøte 26.05.21 – HIM IKS
26. FKT-konferanse 1. – 2. juni 2021 – leiar og nestleiar deltok
27. KST-sak - Rogaland Revisjon IKS – godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale og eigarstrategi
28. KMD sitt brev av 03.06.21 vedk. varsling til kontrollutvalet om møter i selskap

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.21:

Forvaltningsrevisor Ingrid Kalsnes deltok via Teams og gav ei løypemelding om status for arbeidet med rapporten om «Internkontroll i barnehage og skule». Ho forklarte at fleire intervju må utsetjast til etter sommarferien. Dette gjer at rapporten ikkje vil vera klar til septembermøtet som planlagt, men i oktober. Utvalet ønskte ei ny løypemelding i september.

Anne Tone Salte Andersen meinte FKT-konferansen hadde vore interessant og lærerik.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.21:

Referatsaker 21 – 28 blir tatt til orientering.

SAK 16/21 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – PERSONAL- OG ORGANISASJONSSJEF**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå personal- og organisasjonssjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.21:

Kommunalsjef personal og organisasjon Kristin Marie Dahle orienterte og viste ein presentasjon. Ho starta med ein kort presentasjon av seg sjølv. Dahle viste organisasjonskart og gjorde greie for korleis avdelinga var organisert og deira oppgåver. Ho har ansvar for Lønn- og personal, Service- og fellestenester og EVIKT (IT avd. saman med Etne). Lønn og personalavdelinga har fem årsverk og eit budsjett på 10 millionar, som omfattar løn til tillitsvalde og lærlingar. Rekneskapen viste at avdelinga hadde eit mindreforbruk så langt i år.

Det var meldt fire avvik i administrasjon og fellesdrift, og 553 i organisasjonen i 2020/2021. Avvikssystemet vert brukt, men det er stor variasjon mellom dei ulike avdelingane. Kommunen skal kjøpa inn nytt avvikssystem, som vil bli tatt i bruk om kort tid.

Personalsjefen viste oversikt over sjukefråværet i organisasjonen frå 2015 til 2020, som varierte frå 6,03 % til 7,88 %. I 2020 var sjukefråværet 7,05 %. Målet for kommunen er 6 %. Sjukefråværet i administrasjon og fellesdrift er 9,7 % så langt i 2021, i 2020 var det 7,3 %.

Utfordringar og satsingar for avdelinga er mellom prosjektoppfølgning, følgje opp nye krav og oppgåver, heiltid og digitalisering.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna omfanget av reelle varslingssaker, drøftingsplikt ved omorganisering, heiltid/deltid, sjukefråvær og IT-tryggleik.

Leiar takka for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.21:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå personal- og organisasjonssjefen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

SAK 17/21 INNSPEL FRÅ UTVALSLEIAR TIL MOGLEG FORVALTNINGSREVISJON

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tar utvalsleiar sitt innspel knytt til ein mogleg forvaltningsrevisjon om mellom anna journal- og postlisteføringar og svarfristar til orientering.

Utvalet tar med seg innspelet vidare når nye forvaltningsrevisjonsprosjekt skal veljast.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.21:

Utvalsleiar innleia og gjorde greie for bakgrunn for innspelet. Fleire innbyggjarar hadde vendt seg til han om svikt i kommunen sine rutinar innan plan- og byggsakhandsaming. Han meinte det var eit mogleg teikn på systematisk svikt, og kunne vere eit aktuelt område å sjå nærare på neste gong utvalet skal velje forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Medlemmene drøfta innspelet og meinte det var viktig å ikkje gå inn i enkeltsaker. Fokus må vere på det overordna nivå og følgje opp at kommunen har gode system og rutinar.

Medlemmene stetta sekretariatet sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.21:

Vindafjord kontrollutval tar utvalsleiar sitt innspel knytt til ein mogleg forvaltningsrevisjon om mellom anna journal- og postlisteføringar og svarfristar til orientering.

Utvalet tar med seg innspelet vidare når nye forvaltningsrevisjonsprosjekt skal veljast.

SAK 18/21 INFORMASJONSSTRATEGI FOR KONTROLLUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren sørge for at kontrollutvalet sine saksdokument blir lagt inn i Vindafjord kommune sin politiskarportal, slik at dokumenta blir tilgjengeleg på kommunen si nettside på lik linje med øvrige utval.

Handsaming i kontrollutvalet 16.06.21:

Leiar innleia og viste til at kontrollutvalet sine dokument bør vera like tilgjengelege på kommunen si nettside og i politikarportalen som for andre utval.

Utvalssekretæren opplyste at sakspapira og oversikt over medlemmene i utvalet er no å finna på kommunen si nettside med oversikt over politiske møte. Det blir undersøkt korleis ACOS kan tilpassast og bli tatt i bruk av kontrollutvalssekretariatet. Det må vera eit skilje mellom kommunedirektøren og sekretariatet. Samstundes må systemet takle at sekretariatet skal kommuniserer med 10 ulike kommunar. Det er framleis noko usikkert når systemet kan takast i bruk.

Medlemmene stetta framlegget til vedtak, og vil følge opp saka i seinare møter.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 16.06.21:

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren sørgje for at kontrollutvalet sine saksdokument blir lagt inn i Vindafjord kommune sin politikarportal, slik at dokumenta blir tilgjengeleg på kommunen si nettside på lik linje med øvrige utval.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 08.09.21, kl. 15.00

Ølen/Aksdal, 16.06.21

Kristian H. Resset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	08.09.21	20/21

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 08.09.21

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker 29 – 37 blir tatt til orientering.

Saksvedlegg:

29. Statusrapport pr. september 2021
30. Løypemelding frå forvaltningsrevisor om prosjektet «Internkontroll i barnehage og skule» - Deloitte AS
31. Bekymring for brann og redningsberedskapen i Vindafjord kommune, kopi av brev frå Håvard Vestbø - Stasjonsmester Ølen brannstasjon
32. KST-vedtak 22.06.21, sak 22/21 – oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport «Økonomistyring innan helse og omsorg»
33. KST-vedtak 22.06.21, sak 43/21 – godkjenning av avtaler med Rogaland Revisjon IKS
34. Økonomirapport kontroll og tilsyn pr. september 2021
35. Krisesenter Vest IKS – protokoll frå representantskapsmøte 11.06.21
36. Haugaland brann og redning IKS – protokoll frå representantskapsmøte 24.08.21
37. FKT-medlemsinformasjon juni 2021

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 01.09.21

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Statusoversikt september 2021 - kontrollutvalet

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Internkontroll i barnehage og skule	03.02.21	250 timar	Under utarbeiding	27.10.21	9 problemstillingar
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama av KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Økonomistyring innanfor helse og omsorgstenesta	27.05.20	04.11.20	15.12.20	05.05.21/ mai 2022	Ny oppfølging i mai 2022

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for eigarskapskontroll	20.11.20	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Plan for forvaltningsrevisjon	20.11.19	09.09.20/ 14.10.20	27.10.20		
Rus- og psykiatritenesta	21.11.18	02.10.19	19.11.19	09.09.20/ 22.09.20	Avslutta
IKT og informasjons-tryggleik	22.11.17	12.09.18	31.10.18	08.05.19/ 28.05.19	Avslutta
Samhandlingsreforma	16.11.16	13.09.17	31.10.17	25.04.18/ 29.05.18	Avslutta

Orienteringar	Bestilt	Møte dato
Orientering frå samfunnsutviklar	16.06.20	08.09.21
Orientering frå personalsjef	16.06.20	16.06.21
Orientering frå økonomisjef	16.06.20	05.05.21
Orientering om helse og omsorg	16.06.20	03.02.21
Orientering om oppvekst	16.06.20	04.11.20
Orientering frå kommunedirektøren	16.06.20	09.09.20

Prioriterte prosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon og Plan for eigarskapskontroll

Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt:

1. Internkontroll og kvalitetssystem, bestilt i møte 03.02.21, sak 5/21
2. Investeringar
3. Barnevernstenesta
4. Digitalisering og IKT
5. Plan- og byggesak

Prioriterte prosjekter for eigarskapskontroll:

1. Vindafjord tomteselskap AS
2. Krisesenter Vest IKS
3. Arbeidsmarknadsbedrifter
4. Haugaland brann og redning IKS

TIL: VINDAFJORD KOMMUNE V/ORDFØRER OG KOMMUNESTYRE

FRA: HÅVARD VESTBØ, STASJONSMESTER ØLEN BRANNSTASJON

EMNE: **BEKYMRING FOR BRANN OG REDNINGSBEREDSKAPEN I VINDAFJORD KOMMUNE**

DATO: 26.07.2021

KOPI: KOMMUNEDIREKTØR

Jeg har vært med i brannvesenet siden 2010 da det var Vindafjord brannvesen, og videre når det ble Etne og Vindafjord brann og redning, og nå til sist Haugaland brann og redning iks. I løpet av disse årene har jeg hatt ulike roller, men startet først som brannkonstabel i Ølen brannvesen. I Etne og Vindafjord brann og redning ble jeg stasjonsmester ved Ølen stasjon, samt utrykningsleder.

Bjørn Alvseike har vært i brannvesenet siden 2007, som brannkonstabel, utrykningsleder, og verneombud. Han sa imidlertid opp som verneombud etter inngåelse i Haugaland brann og redning IKS pga uenighet, da ledelsen ville omstrukturere verneombudstjenesten til det dårligere. Han har og erfaring med beredskap offshore og god kjennskap til andre organisasjoner.

Tidligere mens det var Vindafjord brannvesen var mye av beredskapen preget av dugnadsånd. Vi hadde 12 øvingstimer i året, og mye av det som ble gjort på den gamle brannstasjonen med vedlikehold av både stasjon, materiell og utstyr ble gjort på dugnad blant mannskapene.

Etter at vi gikk sammen med Etne kommune i et interkommunalt brannsamarbeid med felles brannsjef, felles feiertjeneste, felles leder beredskap/varabranssjef og felles leder forebyggende, skjedde det store endringer i brannberedskapen for Vindafjord kommune. Drivkraften bak disse endringene til det bedre var den nye beredskapsleder/varabranssjef Finn Ulvund i godt samarbeid med brannsjef Morten Svandal.

Det som skjedde etter at samarbeidet mellom Etne og Vindafjord startet opp var at det ble større grad av profesjonalisering av brannberedskapen med blant annet en tredobling av antall øvingstimer pr. år, en helt annen struktur på gjennomføring av øvelser med blant annet mål for gjennomføring, evaluering etter øvelser og hendelser for å sikre kontinuerlig kompetanseutvikling blant mannskapene. Det ble igangsatt en systematisk satsing på utdanning og kompetanse, og lagt planer for oppgradering av utstyr, biler og brannstasjoner. Samtidig ble det ansatt stasjonsmestere ved de ulike brannstasjonene, og organisert slik at befalet fikk ansvar for hvert sitt lag med mannskaper. Alt dette skjedde i perioden januar 2015 til inntreden i Haugaland brann og redning iks i juli 2018.

Til tross for at det var store endringer vi gjennomgikk i årene fra 2015 til juli 2018 var det i tett samarbeid med kommunal ledelse og mannskapene ved stasjonene, slik at alle endringene/forbedringene ble gjennomført på en måte som gjorde at mannskapene så verdien og nytten av dette.

Eksempler på tett involvering er anskaffelse av nye brannbiler, bygging av ny brannstasjon i Ølen, planlegging og gjennomføring av øvingsaktiviteter etc. I hele perioden i Etne og

Vindafjord var dialog, samarbeid, og inkludering sentrale elementer som gjorde at det samlet sett ble en veldig god beredskap med godt motiverte mannskaper ved stasjonene.

Etter inngåelsen i Haugaland brann og redning iks har dette endret seg dramatisk, og det har vært støy om lønn, pensjon, arbeidsmiljø, ledelsesutfordringer etc. og hoved endringene som er kommet er enkelt sagt at det er slutt på dialog, samarbeid og inkludering i saker som berører lokal beredskap og mannskaper.

Dette kom også tydelig fram i granskingsrapporten fra Mai Vik Consulting som ble iverksatt etter flere bekymringsmeldinger mot selskapets toppledelse, der det blant annet står sitat:

«I samtlige bekymringsmeldinger trekkes det fram bekymring knyttet til utøvd ledelse av selskapet. Dette blir formulert på følgende måter: «... har observert og registrert dårleg personalpolitikk og store utfordringer knytt til leiinga hos HBR».

I et annet understrekes viktigheten av å få «leiinga i iks'et til å endre personalpolitikk. Om det fortsetter som i dag vil dette på sikt, utan tvil, ha ein direkte konsekvens for beredskapen».

I et tredje står det «samtlige deltagere på møte er enige i at HBR har et STORT ledelsesproblem», og i det fjerde «deler vår bekymring for utviklingen i ledelsen ved HBR, og vi stiller oss bak brevet som er sendt fra verneombud og tillitsvalgte».

Samtidig gir de uttrykk for at de er fornøyd med utviklingen som har vært på stasjoner, utstyr og biler de siste årene, og da særlig fram til oppstart av iks'et. I samtalen med oss har problemene og frustrasjonen i stor grad handlet om toppledelsens lederstil, detaljstyring, kommunikasjonsform, det de opplever som manglende lydhørhet, og at de ikke anvender de faglige ressursene og kompetansen hos nøkkelpersoner i område Øst. Toppledelsen blir definert ved brannsjef, leder beredskap og leder logistikk».

Vi opplever at dette ikke har blitt bedre etter granskingsrapporten fra Mai Vik Consulting i 2020, snarere tvert imot. **Det siste som har skjedd er at styret HBR i juni 2021 har vedtatt ny gransking fra KPMG** i forbindelse med at toppledelsen har tildelt stillinger og vaktordninger uten utlysning, samt bevilget seg godtgjøringer til brannsjefvakta i strid med hovedtariffavtalen. Så kan man stille seg spørsmålet hvor mye av fellesskapets penger man skal bruke på ulike granskinger av ledelsen i Haugaland brann og redning før noen tar grep og ordner opp i problemene.

Det er ikke noen vilje fra toppledelsen til å lytte til de små kommunene i selskapet. For oss er det helt åpenbart at de som skal prioriteres er største eier Karmøy, og det som har blitt stadig tydeligere er at kommunene Etne, Vindafjord og Suldal i årene før inntreden i Haugaland brann og redning iks, har blitt driftet veldig profesjonelt, både når det gjelder kompetanse og utvikling for mannskapene, investering av beredskapskjøretøy, utstyr og oppgradering av brannstasjoner. På alle disse områdene ligger vi langt foran blant annet Karmøy kommune. Alle disse tingene som jeg har nevnt her hadde Vindafjord kommune på plass ved inngangen til iks'et.

Til sammenligning manglet Karmøy kommune brannmannsbekledninger, hjelmer, støvler, redningsdresser, overflateredningsutstyr, formell utdanning blant mannskaper, skikkelige kjøretøy m.m. Det at Karmøy kommune ikke engang hadde det grunnleggende på stell, og i tillegg ikke hadde en eneste brannstasjon som var i nærheten av å fylle kravene til dagens standard sier vel ganske mye om inngangsbilletten ved inngangen til dette samarbeidet. Det som også er påfallende er at samme personer som var ansvarlige for beredskapen i Karmøy kommune Onar Walland (tidligere brannsjef) og Ragnar Løfstrøm (tidligere leder beredskap) i dag sitter i toppledelsen i Haugaland brann og redning som henholdsvis leder beredskap og leder logistikk og styrer i prinsippet alle prioriteringer i det nye selskapet sammen med brannsjef Dag Botnen, noe som gjør seg utslag i en tydelig skjevprioritering til fordel for

Karmøy kommune/område midt, og med den stadige begrunnelsen av at man må se selskapet under ett.

Det blir vanskeligere og vanskeligere for oss mannskaper å se verdien av dette samarbeidet når hovedprioriteringene blir lagt helt andre plasser enn i distriktene.

Før oppstarten av Haugaland brann og redning iks ble det gjennomført en beredskapsanalyse (dette dokumentet sier blant annet noe om hvilket utstyr, vaktordninger, kompetanse, bemanning man må ha for å møte de forskjellige risikoer som man har kartlagt ved risiko og sårbarhetsanalyser i de ulike kommunene) der alle de gamle brannsjefene, gamle ledere beredskap, samt nyansatt brannsjef Dag Botnen medvirket. For Vindafjord kommune sin del ble det blant annet kartlagt at det var behov for å utvide vaktordningene i Vindafjord for å sikre at det er tilgjengelige mannskap til enhver tid, behov for investering av båt for å takle hendelser i sjø og vann, splashdrakter mm. Ingenting av det som ble påpekt i denne beredskapsanalysen og som berører Vindafjord kommune er fulgt opp i etterkant, og alle signaler tyder på at det heller ikke kommer til å bli gjort. I stedet er det nå planlagt å gjennomføre en helt ny beredskapsanalyse uten å gjennomføre noe av det som ble vedtatt i eksisterende analyse.

Folk som stiller spørsmål og engasjerer seg for beredskapen i distriktskommunene blir ekskludert fra prosessene. Dette har kommet tydelig fram blant annet ved at områdeleder for beredskap i område øst systematisk og over lang tid har blitt holdt utenfor det gode selskapet i hovedkontoret til Haugaland brann og redning i Diktervegen 8 i Haugesund.

Videre har det vært flere varsler om en bedriftskultur som er preget av frykt, mobbing og utfrysing, der toppledelsen i selskapet er de som står bak denne ukulturen. Til tross for at styret er blitt gjort kjent med disse sakene over lang tid, blant annet med granskingsrapporten fra Mai Vik Consulting, og nå den senere tid med nye varsler virker det som at styret v/styreformann verken har evne eller vilje til å ta tak i disse alvorlige problemene.

Vi stiller oss spørsmålet om styret utøver sin styreplikt i henhold til iks lovens § 13, all den tid man kan få inntrykk av at den tilsyns og oppfølgingsplikten styret har ovenfor brannsjef og selskapet, ikke blir fulgt opp, men at det er brannsjef og administrasjon som dikterer og legger føringer for hva styret skal mene.

Hvis denne bedriftskulturen får fortsette er vi overbevist om at dette får store konsekvenser for beredskapen i Haugaland brann og redning. Vi mener at Vindafjord kommune, som faktisk i henhold til lovverket (brann og eksplosjonsvernloven § 9) er den som er **ansvarlig** for brann og redningsberedskapen i kommunen må ta eieransvaret på alvor og stille seg spørsmålet om dette kan fortsette lenger, og man må seriøst vurdere andre samarbeidsformer. Alternativt må hele toppledelsen inklusiv styret byttes ut.

Mvh

Håvard Vestbø

Bjørn Alvseike



VINDAFJORD
KOMMUNE

Service og fellestenester

Dato: 24.06.2021

Dokumentnummer: 21/6774-3

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Gunnbjörg Nesbu

Odd Gunnar Høie

Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport Økonomistyring innan helse og omsorg - sak frå Kontrollutvalet til Kommunestyret

Kommunestyret- 044/21, har i møte 22.06.2021 16:30 fatta følgande vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Økonomistyring innan helse og omsorg» til orientering.
2. Vindafjord kommunestyre ber kommunedirektøren utarbeide ei resultatmelding som skal syne status for og resultat i oppfølginga av revisjonsrapporten. Resultatmeldinga skal følge som vedlegg til årsmelding og årsrekneskap for 2021.

Med helsing
Gunnbjörg Nesbu
sakshandsamar

Dokumentet er godkjent elektronisk.



VINDAFJORD KOMMUNE

Dato: 18.05.2021

Arkivsak-ID.: 21/6662

JournalpostID: 21/8855

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Kommunedirektør: Yngve Folven Bergesen

Saksnr.	Utval	Møtedato
041/21	Formannskapet	08.06.2021
043/21	Kommunestyret	22.06.2021

Rogaland Revisjon IKS - Godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale og eigarstrategi

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå og med 01.07.2021.
2. Vindafjord kommune sitt innskott og eigardel i Rogaland Revisjon IKS på kr. 120 100, eigardel på 2,04 % - blir dekket med overføring frå kommunen sitt generelle disposisjonsfond.
3. Kommunestyret godkjenner selskapsavtale datert 01.07.2021 (vedlegg 2) og samarbeidsavtale datert 01.07. 2021 (vedlegg 3).
4. Kommunestyret godkjenner Rogaland Revisjon IKS sin eigarstrategi (vedlegg 4).

Formannskapet 08.06.2021:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 8 røyster.

Repr Årvik røysta i mot.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vidare som tilråding frå formannskapet.

FS- 041/21 Vedtak:

Tilråding frå formannskapet:

1. Vindafjord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå og med 01.07.2021.
2. Vindafjord kommune sitt innskott og eigardel i Rogaland Revisjon IKS på kr. 120 100, eigardel på 2,04 % - blir dekket med overføring frå kommunen sitt generelle disposisjonsfond.
3. Kommunestyret godkjenner selskapsavtale datert 01.07.2021 (vedlegg 2) og samarbeidsavtale datert 01.07. 2021 (vedlegg 3).
4. Kommunestyret godkjenner Rogaland Revisjon IKS sin eigarstrategi (vedlegg 4).

Kommunestyret 22.06.2021:**Behandling:**

Tilråding frå formannskapet vedtatt med 23 røyster mot 2 røyster.
Repr Årvik (Frp) og Øvernes (Frp) røysta i mot.

KS- 043/21 Vedtak:

1. Vindafjord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå og med 01.07.2021.
2. Vindafjord kommune sitt innskot og eigardel i Rogaland Revisjon IKS på kr. 104 100, eigardel på 1,77 % - blir dekkja med overføring frå kommunen sitt generelle disposisjonsfond.
3. Kommunestyret godkjenner selskapsavtale datert 01.07.2021 (vedlegg 2) og samarbeidsavtale datert 01.07. 2021 (vedlegg 3).
4. Kommunestyret godkjenner Rogaland Revisjon IKS sin eigarstrategi (vedlegg 4).

Saksutgreiing**Samandrag**

Gjeldande revisjonsavtalar med private selskap som utfører rekneskaps- og forvaltningsrevisjon for kommunane på Haugalandet utløper 01.07.2021. Samtlege kommunar; Haugesund, Karmøy, Sveio, Tysvær, Sauda, Etne, Bokn, Vindafjord og Utsira har i vedtak hausten 2020 søkt om opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS.

Dagens eigarkommunar i Rogaland Revisjon IKS har med eigne kommunestyrevedtak godkjent utviding med kommunane på Haugalandet.

Denne saka gjeld formell godkjenning av selskapsavtale, samarbeidsavtale samt eigarstrategi i Rogaland Revisjon IKS; samt finansiering av innskot og eigardel i Rogaland Revisjon IKS.

Bakgrunn for saka**KS-061/20 Vedtak:**

Vindafjord kommunestyre vel å gå inn i eit interkommunalt samarbeid om levering av revisjonstenester, gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.

Selskapet vert då kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Kommunedirektøren legg fram sak om den nye selskapsavtalen og finansiering av innskot, seinare i haust, eller på nyåret 2021.

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat har i brev av 16.11.2020 til Rogaland Revisjon IKS oversendt vedtaka frå by-/kommunestyra i Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Sauda, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord om å søkje opptak som deltakarar i selskapet frå 1. juli 2021 (vedlegg 1A-1J). I samsvar med selskapet sin strategi stiller både styret i Rogaland Revisjon IKS og representantskapet seg positive til utvida eigarskap frå kommunane på Haugalandet.

Sak om opptak av nye deltakarar i eit interkommunalt selskap skal i samsvar med selskapsavtale

handsamast av samtlege eigarar sine kommunestyre. Opptaket er avhengig av godkjenning hos samtlege nåverande eigarkommunar i selskapet.

Kommunedirektørane/rådmennene i dei åtte kommunane på nord-Jæren, samt fylkeskommunen har i fellesskap saksbehandla søknadane frå kommunane på Haugalandet.

Kommunestyra/fylkestinget i nåverande eigarkommunar har godkjent søknadane. Det er foretatt nødvendige oppdateringar av selskapsavtalen, samarbeidsavtalen og eigarstrategien, som med dette også blir lagt fram for Vindafjord kommunestyre til godkjenning.

Saks- og faktaopplysningar

Søknad om opptak frå ni by-/kommunestyre

Det er kontrollutvala i kvar av dei ni kommunane som i medhald av Kommunelova har saksførebudd val av revisjon for kommunen. Dei respektive ni by-/kommunestyra behandla sak om val av levering av revisjonstenester hausten 2020. Alternativa som låg føre var å fortsette med ei konkurransebasert lysing og gå ut på ny førespurnad ved utløpet av inneverande avtale eller søkje om deltaking i interkommunalt samarbeid i Rogaland Revisjon IKS. Dei omsøkte ni by-/kommunestyra vedtok å søkje deltaking i interkommunalt samarbeid frå 01.07.2021 om leveransen av revisjonstenestene.

Kontroll og tilsyn med kommunen si verksemd er jf. kommunelova lagt til kontrollutvalet. Utvalet utøver bestillarrolla ovanfor kommunen sin revisor når det gjeld forvaltningsrevisjon. Dei ni kontrollutvala på Haugalandet får i dag sine sekretariattenester frå Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Nåverande eigarkommunar i Rogaland Revisjon IKS sine kontrollutval får tilsvarande tenester frå Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, mens fylkeskommunen har valt å ha eige sekretariat hjå seg.

Med utvidinga av nye deltakarar i Rogaland Revisjon IKS og det faktum at Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IKS må omdannast som følge av ny kommunelov, gjer at det er behov for å sjå nærare på ei hensiktsmessig framtidig løysing for sekretariatstenestene til eigarkommunane i Rogaland Revisjon IKS. Det er naturleg å utføre dette arbeidet hausten - 2021, og etter at kommunestyra i nye deltakarkommunar har behandla saka om å gå inn i Rogaland Revisjon IKS som eigarar.

Målet for arbeidet er å finne fram til effektive og hensiktsmessige løysingar for så vel kontrollutvala som Rogaland Revisjon IKS samt alle eigarkommunane.

Eigarbrøk og kapitalinnskott ved inngong i selskapet

Opptak av nye deltakarar blir regulert av Selskapsavtalen og Samarbeidsavtalen i Rogaland Revisjon IKS.

Selskapskapitalen og storleiken på eingongsinnbetalinga er med på å fastsette kva eigarandel kommunen har i selskapet. Selskapskapitalen før utviding med nye kommunar er pålydande 4,050 mill. kroner, etter at Suldal gjekk inn med eigardel på 50 000 kroner.

Eigarbrøken i selskapet blei ved etableringa fastsett slik (jf. Samarbeidsavtalen):

«Av totalt kapitalinnskudd skyter Rogaland fylkeskommune inn kr 1,0 mill. som tilsvarer 25% eierandel. Resterende kr 3,0 mill. fordeles på deltakerkommunene i henhold til folketallet pr 1.1.2003 som blir deltakerkommunenenes eierandel i selskapet.»

Ved Time kommune sin utgong av selskapet i 2005 blei eigarbrøken justert for Time sin andel og reberekna med grunnlag i folketalet pr 1.1.2005, med nokre tilpasningar.

Dette betyr at det er kapitalinnskottet pr. kommune, folketalet pr 1.1.2005 og fordelinga mellom fylkeskommunen og primærkommunane som har betydning for fastsetting av eigarbrøken.

Eigarbrøken har til no hatt betydning ved stemmegiving i representantskapet. Drifta har ikkje aktualisert spørsmål som f.eks. utbytte der eigarbrøk har betydning.

I tråd med selskapsdokumenta og med kronebeløp på 12,80 pr. innbyggjar medfører opptaket av dei ni nye kommunane følgjande endringar i eigarandel:

Kommune	Selskapskapital	Eierandel Oppr. %	Eierandel 1.1.2017	Eierandel 1.1.2020	Eierandel 1.7.2021
Kvitsøy	6 000	0,15	0,14	0,14	0,11
Forsand	11 600	0,29	0,31		
Hjelmeland	32 000	0,80	0,76	0,76	0,60
Bjerkreim	28 400	0,71	0,68	0,68	0,54
Finnøy	32 400	0,81	0,77		
Lund	35 600	0,89	0,87	0,87	0,68
Sokndal	37 600	0,94	0,92	0,92	0,72
Rennesøy	35 600	0,89	0,93		
Randaberg	103 600	2,59	2,52	2,52	1,98
Gjesdal	101 600	2,54	2,57	2,57	2,02
Strand	116 800	2,92	2,89	2,89	2,28
Eigersund	151 600	3,79	3,72	3,72	2,93
Hå	166 400	4,16	4,10	4,10	3,22
Sola	226 800	5,67	5,50	5,50	4,33
(nye) Sandnes	636 000	15,90	15,97	16,28	12,81
(nye) Stavanger	1 278 000	31,95	31,59	33,29	26,20
Rogaland Fylkeskommune	1 000 000	25,00	24,69	24,69	18,71
Suldal	50 000	0	1,08	1,08	0,85
Selskapskapital. før utviding	4 050 000	100 %	100%	100%	
Karmøy	481 600				8,19
Haugesund	404 200				6,88
Tysvær	120 100				2,04
Vindafjord	104 100				1,77
Sauda	61 800				1,05
Sveio	60 000				1,02
Etne	50 000				0,85
Bokn	9 860				0,17
Utsira	2 730				0,05
Sum auke av selskapskapital	1 294 390				22,02
Selskapskapital	5 344 390				100,00
etter utvidinge					

Primærkommunane: 81,29 % og Rogaland fylkeskommune 18,71% frå 1.7.2021

Innbetalinga av kapitalinnskott er ei eingongsutgift for dei nye kommunane som går inn som eigarar. Utgifta skal rekneskapsførast i investeringsrekneskapen.

Øvrige utgifter og økonomisk ansvar

Det følger av IKS lova at deltakarane i selskapet er prorata ansvarleg for selskapet si gjeld og forplikting dvs. økonomisk ansvar i samsvar med eigarbrøken.

Av selskapet sin avtale § 12 til Rogaland Revisjon IKS følgjer at låneramma er avgrensa oppover til kr 4 mill. totalt. Verksemda sin art gjer at behovet for lånefinansiering er lågt og pr. d.d. er ikkje ramma disponert.

Selskapet fakturerer timeforbruket i samsvar med timepris som blir fastsett i årleg økonomiplanbehandling. Ved etableringa av selskapet blei det fastsett som prinsipp at eigarkommunane prioriterer å fasthalde ei moderat timeprisutvikling over tid, i staden for ein utbyttestrategi. Faktisk timeprisutvikling stadfestar eigarane si forventning. Samtidig har fondsoppbygginga vore på eit moderat nivå og står nå i rimeleg forhold til kva det må forvente at selskapet har av opparbeidde midlar til sjølv å kunne foreta utskifting av teknisk utstyr som er nødvendig for ein effektiv tenesteproduksjon i ei personell- og kompetanseintensiv verksemd som revisjonen er.

Det blir lagt til by-/kommunestyret i den respektive eigarkommune å fastsette den årlege budsjetttramma for kontrollutvalet og denne si verksemdt. Inkludert i budsjetttramma er revisjonstenestene som blir kjøpt frå Rogaland Revisjon IKS.

Det påløper ingen ytterlegare faste utgifter knytt til deltaking i Rogaland Revisjon IKS, for eigarkommunane.

Kommunedirektøren sin konklusjon

Alle dei ni søkjarkommunane har i dialog med Rogaland Revisjon IKS vore klare i forventningane til kvalitet, lærings- og forbetningsfokus i forvaltningsrevisjonar som blir utført av selskapet.

Ved å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS og med det ei utviding av selskapet, blir det i enda større grad moglegheit til å bidra til kunnskapsdeling på tvers av kommunane. Erfaringsgrunnlaget for samanlikningar aukar og moglegheitene for å hente ut «beste praksis» for bruk i mellom anna forvaltningsrevisjonar blir styrka. Fleire av eigarkommunane står i eit betydeleg omstillingsarbeid for å tilpasse verksemda til dei økonomiske rammene kommunen har. I dette arbeidet er kunnskapsdeling og læring på tvers eit vesentleg verktøy for å arbeide målretta og til oppnå resultat på både kort og lang sikt.

I løpet av hausten 2021 er det behov for både å utføre eit arbeid med omsyn til framtidig løysing for sekretariatsfunksjon for kontrollutvala som følgje av utvidinga og tilpasningar til ny kommunelov. Vidare er det behov for å revidere eigarstrategien over selskapet, slik at den er meir i tråd med eigarfellesskapet si samlande forventning til selskapet. Eigarstrategi som ligg inne som vedtaksgrunnlag nå, er den som opprinneleg var grunnlaget då selskapet blei etablert, og det er stort behov for å modernisere denne. I desse arbeida må både noverande kontrollutvalssekretariat og styret i Rogaland Revisjon IKS involverast.

I samsvar med eigarstrategien si forventning om utvikling av selskapet, og selskapet sin eigen strategi om kvalitet og utvikling av ein dyktig kommunerevisjon, tilrår kommunedirektøren at Vindafjord kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.2021. Innskuddskapital på 104 100 kroner blir dekkja av kommunen sitt generelle disposisjonsfond.

Vedlegg:

Val av revisjon frå 01.07.2021 - Sak frå kontrollutvalet til kommunestyret
Eigarstrategi Rogaland Revisjon IKS

Samarbeidsavtale Rogaland Revisjon IKS
Selskapsavtale Rogaland Revisjon

Budsjettoppfølgning kontroll og revisjon 2021
Til og med periode 8. Tal per 30. august

